




Det er haust! Les, teikn og fargelegg!




Det regnar.
Eg tek på meg regntøy og eit par
gule støvlar.



Ute i hagen plukkar eg eple.
Sjå så mange eple det er på
epletreet!




Eg går på tur i skogen.
Der plukkar eg tyttebær og blåbær.
Eg ser blad i mange fargar.



Ein stor flokk med fuglar flyg over
meg. Det er trekkfuglar som skal fly
til varmare land.



Eg ser ein flugesopp.
Den er raud med kvite prikkar.
Eg veit at flugesopp er giftig.



Eg ser eit ekorn.
Ekornet samlar nøtter til vinteren.
Eg likar hausten.